



## Naturvernforbundet i Molde

Molde 9.06.21

[postmottak@molde.kommune.no](mailto:postmottak@molde.kommune.no)

### Detaljregulering for Bersås industriområde - plan nr 202025

Vi har tidligere kommet med en del innspill til planarbeidet. Vi er positive til at de organiske avfallsressursene blir behandlet og gjenbrukt.

Vi tok blant annet opp faren for luftforurensning fra anlegget. Vi ser at også andre er urolige for dette.

Etter planutredningen er utgangspunktet til et biogassanlegg at det hverken i anleggsområdet eller rundt skal produsere lukt. Vi savner informasjon om de praktiske erfaringene fra anlegg som er i drift. Planutredningen har karakter av at den stort sett er skrevet av utbygger/konsulentfirmaet.

Etter planen kan industriområdet bli brukt til annen industri enn et biogassanlegg. I den sammenheng er det vist til at i kommuneplanens arealdel er det satt av et større industriområde ved Bersåshaugen, og som det nye kanskje kan være et alternativ til. Etter planutredningen er mye av arealet ved Bersåshaugen myr som krever stor utskifting av masser for å tilrettelegge for bygging. I tillegg er det blitt mer restriktive holdninger til å ta i bruk myr til utbyggingsformål. Vi vil foreslå at det blir vedtatt at det er et mål at industriområdet ved Bersåshaugene skal gå ut av kommuneplanens arealdel når den blir revidert.

Vi ønsker at dette brevet blir lagt fram for de folkevalgte ved den politiske behandlingen av planen.

Vennlig hilsen

Naturvernforbundet i Molde  
v/Knut Løken, sekretær  
Lillevikvegen 4A  
6412 Molde

E-postadresse: [molde@naturvernforbundet.no](mailto:molde@naturvernforbundet.no) Naturvernforbundet i Molde er på Facebook  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

MOLDE KOMMUNE  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Vår dato: 24.06.2021  
Vår ref.: 202012419-5  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 21.05.2021  
Dykkar ref.: PLAN-20/01772-15

Sakshandsamar:  
Ole-Jakob Sande

## NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Bersås industriområde i Molde kommune

Vi viser til brev datert 21.05.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljregulering for Bersås industriområde i Molde kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for bygging av biogassanlegg eller alternativt annan industriverksemd.

### Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### NVE sine merknader til planframlegget

NVE ga innspel til varsel om planstart i brev datert 10.11.2020. Der peika vi på avklaring av reell naturfare knytt til flaum, omsyn til vassdrag og energianlegg som tema for planarbeidet.

### Naturfare

#### Flaumfare og overvasshandtering

Planområdet ligg i eit myrområde med markerte vassvegar mot og gjennom planområdet. I planomtalen står det at omsyn til overvatn og aktsemd mot flaumfare ikkje er avklara, og det er grunngeve med ynskje om å avklare arealbruken før meir omfattande utgreiingar. I framlegg til føresegner er det sett rekkefølgekrav om å prosjektere løysingar for overvasshandtering før igangsetjing.

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstrøms. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Region Midt-Norge

Region Nord

Region Sør

Region Vest

Region Øst



utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda.

Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnett, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt rundskriv H-5/18 om samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming, og meiner at det er ein mangel ved planframlegget at fare for skader og konsekvensar av eventuell utbygging i høve til vasshandtering ikkje er avklara. I rundskrivet står det m.a. følgjande s. 12; «...*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt...*».

NVE rår til at det vert gjort grundigare vurderingar av korleis tilfredsstillande vasshandtering i og ved planområdet kan sikrast, utan at løysingane treng prosjekterast i detalj.

### Energianlegg

420 kV kraftleidning Viklandet – Fræna kryssar planområdet. I framlegg til plankart er det regulert omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*, med tilhøyrande føresegn § 7.2 som set krav til avklaring med netteigar for tiltak innanfor bandlagt område.

NVE vurderer at planframlegget har tatt omsyn til kraftleidningen i samsvar med våre råd. Vi føreset at netteigar får høve til å uttale seg om arealbruken innanfor omsynssona.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen  
fung. seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Molde kommune  
Rådhusplassen 1  
6413 Molde

Dykkar ref: 20-01772  
Vår ref: 2020/186674  
Dato: 28.05.2021  
Org.nr: 985 399 077

---

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## KOMMENTAR TIL SAKSOPPLYSINGAR- DETALJREGULERING BERSÅS INDUSTRIOMRÅDE

I kommunalsjefen sitt forslag til vedtak i saka, står det at det er kome inn fjorten uttaler til planarbeidet som vart annonsert 5.10.20. Desse er opplista. Mattilsynet sende og uttale, men det går ikkje fram av opplistinga.

Dette til orientering.

Med helsing

Magne Andreas Cartfjord Mo  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg: Mattilsynet si uttale frå 16.11.20

Consulent Partner AS  
Att.Heidi Løkseth  
Eidemsbakken 1  
6440 Elnesvågen

Dykkar ref:  
Vår ref: 2020/186674  
Dato: 16.11.2020  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## SVAR PÅ DETALJREGULERING BERSÅS INDUSTRIOMRÅDE

Som høyringsinstans til reguleringsplanar har Mattilsynet i oppgåve å sjå til at planen ivaretek nasjonale og regionale interesser innanfor mellom anna drikkevatn. Mattilsynet er og forvaltar av biproduktregelverket, som er relevant i denne saka fordi de skal bruke husdyrgjødsel og organisk avfall fra havbruksnæringen som slam etc. som råstoff i biogassanlegget.

### **Vatn:**

Det må sørgast for at området kan forsynast med nok og helsemessig trygt drikkevatn. Vi forventar at det blir utarbeidd VA-plan og at kommunen fylgjer VA-norma si. Det er viktig at nødvendig tilbakeslagssikring blir etablert. Det er og eit myndigheitskrav at det skal vera nok slokkevatn tilgjengeleg. Dette blir regulert av anna mynde, men blir nemnt her, sidan det oftast er drikkevatn som blir nytta som slokkevatn. Dette blir ivareteke gjennom VA-planen i forhold til kapasitet på distribusjonsnettet.

Det kan vera avstandskrav ved bygging i nærleiken av teknisk infrastruktur, som vassleidningar. Det er viktig å overhalde denne avstanden.

Vi forventar at eventuelt eksisterande drikkevassinteresser i eller i nærleiken av planområdet blir ivareteke.

### **Biogassanlegg:**

Søknaden om etablering av biogassanlegg blir først vurdert når den kjem til handsaming hjå Mattilsynet. Sjølv om kommunen regulerer eit område til biogassanlegg, vil ikkje det vere det same som at sektormynde kan godkjenne etablering av anlegget.

Mattilsynet har ikkje andre merknadar til planen.



## Statens vegvesen

MOLDE KOMMUNE  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
20/188561-7

Deres referanse:

Vår dato:  
28.06.2021

### Uttale til detaljregulering Bersås industriområde i Molde kommune – PLAN-20-01772-15

Vi viser til brev datert 20.05.2021 med kunngjøring av offentlig ettersyn av overnevnte plan.

#### Saken gjelder

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av et biogassanlegg.

#### Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

#### Våre merknader til planforslaget

Statens vegvesen har ingen særlige merknader til at det legges opp til industri innenfor planområdet med hensikt å etablere et biogassanlegg.

Det er stilt krav til antall bilparkeringsplasser, mens for sykkelparkering går det frem at dette skal løses internt på området ved behov. Vi vil i den sammenheng påpeke at flere ønsker å benytter sykkel som transportmiddel, og el-sykkel gjør at sykkel i større grad kan benyttes på lengre avstander. Vi ser det derfor som viktig at det legges til rette for at ansatte kan

velge å sykle, og at det stilles krav til antall i henhold til kommuneplanens parkeringsnorm. Fasiliteter som parkering under tak/inne, lademuligheter, garderobe mv. bør da også sikres i bestemmelsene.

Transportforvaltning midt  
Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Molde kommune  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Saksbehandlar, Innvalstelefon  
Kristin Eide, 71 25 84 33

## Molde kommune

### Detaljregulering Bersås industriområde

### Fråsegn ved offentleg ettersyn - motsegn

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### Bakgrunn

Statsforvaltaren viser til Molde kommune sitt brev datert 21.05.2021, der reguleringsplan for Bersås industriområde blir lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i Hovedutvalg for teknisk, plan, næring og miljø den 4.05.2021, sak 41/21.

Formålet med planarbeidet er å bygge biogassanlegg i området, alternativt anna industri.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### Natur og miljøvern

Planområdet er lagt utanom eksisterande næringsområde i kommuneplanen. Ei av årsakene er at planområdet dermed blir lagt utanom myr.

Planforslaget har kome fram til at næringsområdet ikkje kjem i berøring med Bersåsmyrene. Det er gjort ei vurdering av tiltaket sin verknad på og myrene elles i området. Det er gjort greie for at vassdraget som går gjennom industriområdet antakeleg vil gå i rør, men at vasstilgangen for myrane kring planområdet ikkje vil bli negativt endra. Kunnskap om plante- og dyrelivet i området tilsier at tiltaket ikkje vil kome vesentleg i konflikt med naturverdiane.

#### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det kjem fram av ROS-analysen at biogassanlegget er meldepliktig i samsvar med storulukkesforskrifta. ROS-analysen synleggjer derimot ikkje moglege farar knytt til eit



biogassanlegg, verken som storulukkeverksemd eller som verksemd som handterer farleg stoff, jf. forskrift om handtering av farleg stoff § 14. Det er heller ikkje synleggjort i analysen om det på bakgrunn av desse vurderingane er naudsynt med arealmessige avgrensingar rundt utstyr/anlegg, jf. mellom anna forskrift om handtering av farleg stoff § 16. Vi er derfor usikre på om planen tek tilstrekkeleg omsyn til risikoen knytt til biogassanlegg. Til dømes vil verksemda sine risikokonturar eller tryggleiksavstandar gje eit fagleg vurderingsgrunnlag for arbeidet til kommunen med å fastsette eventuelle omsynssoner, med tilhøyrande vilkår. Vi viser til DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulukkeverksemdar, og DSB si fråsegn til oppstart av planarbeidet.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen ikkje tilfredsstillir utgreiingskravet i plan- og bygningslova § 4-3. Inntil ROS-analysen tilstrekkeleg utgreier og synleggjer moglege farar knytt til biogassanlegg, har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. § 4-3. Eventuell risiko/sårbarheit avdekt gjennom oppdatert ROS-analyse skal følgjast opp gjennom planleggingsverkemidlane. Mangelfull oppfølging av risiko/sårbarheit gjev motsegn grunnlag.

Vi ser Nordmøre og Romsdal plan og redning IKS har fått oppstvarsvarselet til høyring, og føreset at dei har fått tilsvarande moglegheit til å gje fråsegn til planforslaget. Vi oppmoda elles til at det lokale brannvesenet blir involvert i arbeidet med ROS-analysen, spesielt med tanke på arealføremålet i denne planen.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren har motsegn til planen inntil ROS-analysen utgreier og synleggjer tilstrekkeleg moglege farar knytt til biogassanlegget.

Med helsing

Sveinung Parr Dimmen (e.f.)  
samordnar

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

#### Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Pb 2500  
Statens vegvesen Pb 1010 Nordre Ål

6404 MOLDE  
2605 LILLEHAMMER

MOLDE KOMMUNE

RÅDHUSPLASSEN 1  
6413

Saksbeh./tlf.nr.: Lars Erik Vindfallet  
Lauritsen/95109418  
Deres ref./Deres dato: 20/18656 20/01772-15/  
21.05.2021  
Vår ref.: 13/00862-3  
Vår dato: 24.06.2021

## Høringsuttalelse - Detaljregulering - Bersås industriområde -

Statnett viser til varsel datert 31.5.2020 om høring av detaljregulering for Bersås industriområde i Molde kommune. Statnett har fått utsatt høringsfrist til 2. juli 2021 (telefon mandag 21.6).

Hensikten med planarbeidet er først og fremst å legge til rette for å bygge et biogassanlegg i området. Dersom dette ikke blir realisert kan arealet benyttes til annen industriaktivitet. Et biogassanlegg vil bestå av produksjonstårn/siloer og industrihaller.

Statnett eier, drifter og utvikler det norske transmisjonsnett – hovednettet i strømforsyningen. Transmisjonsnettet består av ca. 160 transformatorstasjoner og ca. 11000 km kraftledninger over hele Norge, foruten ledninger og sjøkabler til utlandet.

Statnett eier og drifter 420 kV kraftledning Viklandet – Fræna som går gjennom planområdet. Transmisjonsnettledningen er inntegnet i plankartet med hensynssone og tilhørende bestemmelser.

Vi gjør oppmerksom på at den videre planleggingen må tas nødvendige hensyn til drift og utvikling av Statnetts transmisjonsnettanlegg i planområdet.

### Særskilte merknader til biogassanlegg

Av planmateriale fremgår det ikke eksakt plassering av et eventuelt biogassanlegg. Dette vil fremkomme etter senere detaljprosjektering dersom reguleringsplanen blir vedtatt. Statnett ber om at kommunen og tiltakshaver identifiserer og beskriver alle risikoene og farene (herunder brann/eksplosjonsfare) som kan forekomme av biogassanlegg nært transmisjonsnettanlegg, med tilhørende tiltak som gjør at risiko forbundet med biogassanlegget blir så lavt som praktisk mulig. Brannvesenet må uttale seg om slukking/tilstrekkelig slukkevanne for å unngå utkopling på transmisjonsnettledningen.

Statnett bemerker ellers at lagring innenfor byggeforbudsbeltet ikke godkjennes med mindre dette er av en slik karakter at det er forenlig med Statnetts drift og vedlikehold av ledningen. Dette er forhold som må avklares gjennom nærmere dialog.

Byggbarheten og gjennomføring av anleggsarbeid knyttet til bygg/høye siloer etc. inntil Statnetts byggeforbudsbelte er noe som må vurderes nærmere. Det gjelder en varslingsplikt for alt anleggsarbeid som vil skje innenfor en horisontal avstand på 30 meter fra ytterste strømførende

line. Se siste avsnitt i dette brevet. Det kan bli nødvendig med begrensninger på bruk av kraner, maskiner og utstyr, noe som må avklares med Statnett.

Alle inngrep i bakken som planlegges innenfor byggeforbudsbeltet skal forhåndsgodkjennes av Statnett. Mastene har jording som kan strekke seg flere titalls meter ut fra mastepunkt. Disse må ikke skades og avklaringer knyttet til dette må gjøres mot Statnett som ledningseier.

Tiltakshaver må gjøre nærmere rede for hva som inngår i produksjonen av biogass med tanke på forurensning over på ledningsanlegget som kan føre til kortslutninger, herunder om virksomheten medfører fare for eksplosjon.

Statnett bemerker at 420 kV-ledningen gjennom planområdet er en svært viktig forbindelse i kraftsystemet da den forsyner prosessanlegget på Nyhamna. Skade og/eller utfall på ledningen vil kunne medføre svært høye avbruddskostnader, som vil kunne belastes den som forårsaker skade eller brudd på strømforsyningen.

Det er viktig at arealbruken i planområdet og spesielt biogassanlegg planlegges slik at sikker drift og vedlikehold av transmisjonsnettledningen kan opprettholdes.

### **Anleggsarbeid nært høyspentanlegg – 30 meters varslingsgrense**

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til Statnetts anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over jordkabler, skade på mastejording eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

Arbeid nært spenningsatt anlegg, for eksempel sprengningsarbeid, anleggsarbeid og skogsarbeid, må skje på en måte som ikke gir fare for skade på personell eller Statnetts ledninger, maskiner og utstyr.

Det er en varslingsplikt for slikt arbeid dersom det skal foregå nærmere enn 30 meter målt horisontalt fra nærmeste strømførende line. Statnett skal da kontaktes seinest 6 uker før planlagt oppstart av arbeidet, slik at befaring kan gjennomføres og avtale om aktuelle sikkerhetstiltak kan inngås.

Det vises ellers til veiledning på Statnett sin hjemmeside;

<https://www.statnett.no/om-statnett/vart-hms-arbeid/arbeid-nar-hoyspentanlegg/>

samt publikasjonen "Anleggsmaskiner og elektriske anlegg" som finnes der.

Statnett ber om at den sistnevnte publikasjonen følger det videre planarbeidet da denne illustrerer grunnlaget for vårt HMS-arbeid ved ledninger og kabler som er spenningsatt.

Statnett ber om at ROS-analyse for planen/tiltaket gjennomføres med hensyn til transmisjonsnett som kritisk infrastruktur. Analysen må behandle både gjennomføring og ferdig bygget anlegg.

Statnett ber om å få være høringspart i det videre planarbeidet.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Molde kommune  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-20/01772	21.05.2021	67581/2021/REGULERINGSPLAN/1506	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	30.06.2021

## Molde kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Bersås industriområde - gbnr 235/2 og 235/29 - ConsulentPartner AS - fråsegn ved offentleg ettersyn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øverste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld offentleg ettersyn av forslag til detaljregulering av Bersås industriområde. Hensikta er å legge til rette for etablering av eit biogassanlegg, eventuelt anna industri.

#### Planfaglege merknader

##### Forholdet til overordna plan

I oversendinga er planområdet omtalt å ligge innafor eit areal som i kommuneplanen er avsett til LNF (Landbruk, natur og friluftsliv). Det er vidare presisert at dette arealet ligg inntil areal satt av til byggeområde - erverv (E.2). Jf. kommunens innsynsløysning er område for erverv enno ikkje utnytta, men berre del av arealet som i kommuneplanen er avsett til kommunalteknisk anlegg. Arealbruken i seg sjølv er dermed ikkje i samsvar med overordna plan, men samlokalisert med areal med tilnærma likt arealformål (erverv og industri). Vi føreset at desse arealformåla ikkje vil medføre innbyrdes konflikt i framtida.

##### Forholdet til forskrift om konsekvensutgreiing

Ved varsel om oppstart kommenterte vi at utgreiinga av eventuelt krav om formell konsekvensutgreiing ikkje var fullstendig. Blant anna sakna vi vurdering knyt til terskelverdi. I kommentar til merknader er denne problemstillinga avklart med opplysning

om at energiproduksjonen vil være på 15-20 gWh og under grensa for krav om konsekvensutgreiing etter forskrift.

### **Samferdsel**

Avkøyrsel frå fylkesveg 666 må bli utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok N100, kapittel D.1.4. For eksisterande avkøyrslar er det eit krav om 100 meter stoppsikt, jf. V121 kapittel 3.13. Bredde på tilkomstveg bør bli planlagt etter normalen for tilkomstvegar til næringsområde, jf. N100 kapittel B.7.

Vi rår til at det blir knytt rekkefølgeføresegn til opparbeiding/utbetring av avkøyrsel i samsvar med N100 og V121.

### **KONKLUSJON**

Planarbeidet legg opp til at det innafor planområdet kan bli etablert ulike formar for industri, deriblant eit eventuelt Biogassanlegg. Vi føreset at eventuelt energiproduksjon ikkje vil overstige terskelverdiane for krav om konsekvensutgreiing. Det same gjeld eventuelt anna industri innafor planområdet.

Vi viser elles til at avkøyrsel frå fylkesveg må bli utforma i samsvar med handbok, N100, og rår i denne samanhengen til at det blir utarbeida rekkefølgeføresegn, jf. N100 og V121.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

### Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen